

No 217¹ Tone: Og det var liten Gudrun
Eller: Og liten Karin tjente
e Nu løftes laft aa lofte
e Seg meg den gamle saga

Han

Livet er mangsleis vore
Seg meg kor hev det seg
Heimane dei ymse
Utrivsleg synes eg

Ho

So som dei live leve
Soleis ser live ut
Heimen den vert ei hyggja
Hev du for heimen sut

Han

Eg meinat ein hyggjar live
Med mat med drykk aa spel.
Naar var me likasæle
Um heimen aa heimastell.

Ho

Tenk paa dei lange kvellar
Jamnast det soleis gjeng
Kveikja den stakars pipa
Slengja seg burt paa ei seng.

Han

Dei so um dagjen stræva
Natti til kvila treng
Treng ikkje stort um kvila
Dei som med *smaatri* gjeng

Ho

Da er kje nytt aa høyra
Smaatri er kvindestaak.
Men deira arbeid gjera
Vart du snart til ein *haak*.

Han

Vondla aa stella kyrna
Vaska aa vøla klæ
Bera vatn aa *brynna*,
Sopa skratta aa læ.

Ho

Skul me kje hatt den *gjevna*
I stræve kaat aa gla,
Var dar kje mykje *trevna*
For mannfolkje nokon sta.

Han

Tørre paa fot aa næva
Aller av sveitte vaat
Aller for føda syta
Syngja aa væra kaat.

Ho

Er da kje vondt aa høyra,
For kvar so hev *heimasut*
Harme aa alltid *vyrke*
Naar karmennar lida naud.

Han

Me so maa ga i væta,
Frysa aa lida ilt
Aller veta um *kjeta*
Aller hava da gildt.

Ho

Alt so er gildt i verdi
Kvindfolkje ordna kan
Kvinna so vel seg greia
Um her kje fanst ein mann

Han

Kvar for seg leva live,
Vert ikkje anna enn graat
Berre naar mann og kvinna
Studla aa hjelpast aat

Ho

Fekk eg ein mann so stulla
Med heim aa heimastell
Skulle eg han ta i handi
Um det so var i kvell.